

## MØTEBOK HALLINGTINGET

**TID:** 27.april 2018  
**STAD:** Gol, Pers Hotell

### Desse møtte på Hallingtinget:

<b><u>Hol kommune</u></b> Petter Rukke Sigrid Simensen Ilsøy Nina Dalen Erik Kaupang Jon-Andreas Kolderup	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Oddvar Grøthe Kjell Erik Skølt Maria Jartman Olav Støyten Petter Owesen
<b><u>Ål kommune</u></b> Solveig Vestenfor Torhild Helling Bergaplass Ole Egil Trinrud	<b><u>Nes kommune</u></b> Tore Haraldset Knut Jakob Larsen Astrid Brattested Geir Garthus Rune Ihle
<b><u>Gol kommune</u></b> Heidi Granli Helge Feet Leif Norhaug Kristin Bakke Haugen	<b><u>Flå kommune</u></b> Tor Egil Buøen Kristin Gullingsrud Kristian Akervold Merete Gandrud Ole Kr. Grimeli

**Av rådmennene møtte:** Ole Johnny Stavn, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Jan Olav Helling, Hemsedal kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

### Administrasjon Regionrådet

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar  
 Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

**Frå Buskerud fylkeskommune møtte:** Anne Sandum og Arne Jørstad, fylkeskontakt og Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

Rådsordfører Oddvar Grøthe opna Hallingtinget

### SAK 01/18 INNLEGG VED LEIAR I LVK, TORFINN OPHEIM

Torfinn Opheim leiar i LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) heldt eit informativt og engasjerande innlegg om eigeomsskatt og kraftrettigheitar, vedlagt presentasjon.

### SAK 02/18 REKNESKAP 2017

#### Vedtak

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2017 med revisoruttale, og at overskot på kr. 108.809,61 blir overført til disposisjonsfond.

**SAK 03/17 ÅRSMELDING 2017****Vedtak**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2017, med dei merknadar som kom fram i samband med gjennomgang. Vedlagt årsmelding 2017, rev. 27.4.2017.

**SAK 04/18 LIVSKVALITET HALLINGDAL**

På Hallingtinget vart det gjeve ei kort orientering om prosess og pågåande arbeid, vedlagt presentasjon. P.g.a. dårleg tid vart det ikkje høve til vidare drøfting om prosjektet denne gongen.

**SAK 05/18 VIKEN FYLKESKOMMUNE, HALLINGDAL SINE MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR**

Anne Sandum og Kjersti Bærug Hulbakk, Buskerud fylkeskommune, orienterte om prosess og pågåande arbeid i Viken, vedlagt presentasjon.

Hallingtinget drøfta mogelege utfordringar i forhold til m.a. vidaregåande skular, fylkesvegar og samferdsel generelt. Det var og drøftingar i forhold til Hallingdal sin framtidige posisjon som distriktsområde, fjellregion og i høve til m.a. fjellandbruk.

Regionrådet skal følgje opp Hallingtinget sine innspel og vedtak i **sak 16-16**.

Arbeidet vil m.a. skje via eige prosjekt som er etablert mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, som har som hovudmål å avklare Hallingdal sine mogelegheita og utfordringar i Viken (ref. Regionrådet si sak 54/17).

**SAK 06/18 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, INKL. BYREGIONPROGRAMMET****Vedtak**

Saka vart utsett til haustmøte, som skal vurderast å utvidast med ein dag, slik at Hallingtinget blir 25 - 26.10.

**SAK 07-18 NOU 2017:17 PÅ EIN SØNDAG? HØYRINGSSVAR FRÅ REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL****Uttale**

Regionrådet for Hallingdal er det politiske samarbeidsorganet for dei 6 kommunane i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol), der Hallingtinget er det øvste organet (5 politikiakar frå kvar kommune).

Regionrådet for Hallingdal har i uttala konsentrert seg om tema i forhold til typiske turiststader. Hallingdal er kanskje den største reiselivsregionen i landet med 5 – 6 mill. gjestedøgn i året. For fleire av kommunane i Hallingdal representera sysselsettinga i reiselivet (direkte og indirekte) om lag 30% av total sysselsetting.

Som ein illustrasjon kan Hallingdal med i underkant av 21000 innbyggjarar i t.d. påska ha ei femdobling av folketalet.

For mange distriktsregionar er reiselivet ei sentral og heilt avgjerande næring, for ei positiv utvikling. Reiselivsnæringa omfattar ulike bedrifter som hotell, restaurantar, transportselskap, opplevingsanlegg og varehandel, der kunden etterspør eit heilskapleg produkt. Nasjonale mål i denne samanheng bør vera å leggje best mogeleg til rette for at distriktsreiselivet skal lykkast, ved å gje så gode rammeføresetnadar som mogeleg.

I regjeringa sine politikk for reiselivsnæringa er høgare verdiskaping og auka lønsemd sentrale mål. For å nå desse måla er m.a. gode rammeføresetnadar eit av fem innsatsområder. Under Stortinget si handsaming av reiselivsmeldinga i 2017 bad eit samstemt Storting regjeringa om å utarbeide ein strategi for utviding av reiselivsnæringa sin sesong, i samarbeid med reiselivsnæringa. Også i ein slik samanheng må det leggest til rette for stor fleksibilitet, der det i størst mogleg grad blir teke omsyn til næringa sine ynskjer og kunden sine behov.

Reiselivet er ei næring der mange arbeidar når andre har fri og distriktsreiselivet har ein vesentleg del av si drift i helgane, medan det kan vera mindre besøk i vekedagane. For å oppnå målet om fortsatt vekst og sesongutviding er reiselivet avhengig av eit fleksibelt regelverk. Turistkommunar har eit særskilt behov for betre tilgjengelegheit/opningstider enn andre kommunar, noko kundane har klare forventningar om. Varehandelen i turistkommunane er heilt avhengig av dette for å yte den service som blir forventa. Mange butikkar driv med marginal fortjeneste, og ei innskrenking av opningstider kan medføre at tilbod blir borte.

Regionrådet for Hallingdal seier nei til all innstramming i regelverket for turiststader og campingområder. Endringar av regelverket må ikkje føre til innstrammingar av opningstidene for desse. Regionrådet meiner at det einaste som kan føre til at desse unntaka blir oppheva, er at ein eventuell ny modell som er så vid at desse unntaka blir unødvendige. Regionrådet for Hallingdal ser med stor uro på at stader som i dag har fått godkjent "typisk turiststed" risikera å miste denne godkjenninga med nytt regelverk.

Marknaden lokalt har tilpassa seg, dei sundagsopne butikkane er nødvendige for reiselivet og eit ekstra tilbod for fastbuande i distrikta. Regionrådet for Hallingdal vil åtvare mot å utforme eit nytt regelverk som innskrenkar eller fjernar eksisterande rettigheitar for typiske turiststadar.

Fleirtalet av utvalet rår til at unntaket for typiske turiststadar blir ført vidare med departementet som forvaltar, men slik at også butikkane på turiststadane må halde stengt på langfredag, fyste påskedag, 1. mai, 17. mai og fyste juledag. Regionrådet for Hallingdal er sterkt ueinig i forslaget om at typiske turiststadar må halde stengt langfredag, fyrste påskedag og 1. mai. Dette er dagar med svært høg aktivitet. Varehandel på t.d. langfredag og 1. påskedag er svært stor og er av dagane med størst omsetning. 1. påskedag er også ein stor skiftedag, der mange tusen gjester reiser og kjem på same dag. Det vil vera heilt uhaldbart og kaotisk at dei nye gjestene ikkje kan handle på den dagen dei kjem. Ei stenging som foreslått vil vera fullstendig uhaldbart for reiselivsnæringa, og gjestene vil føle det som eit sterkt svekka og nødvendig tilbod, på viktige dagar. Rammevilkåra for distriktsreiselivet kan ikkje bli svekka på denne måten. Norge har også vorte eit samfunn men mange trusretningar og kulturar. Regionrådet for Hallingdal ser ingen spesiell grunn til at desse dagane skal skjermast spesielt.

Utvalet legg opp til at det er departementet som skal avgjera om det skal gjevast løyve til ein søknad om typisk turiststad. Forvaltninga av turistunntaka bør ikkje leggest til departementet som modell 1 legg opp til, men heller overførast frå fylkesmannen til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har lokal kunnskap om turistnæringa og satsingar innan reisemålsutvikling, og vil vera godt egna til å vurdere eigen region.

Ål 1.5.2018  
Rett utskrift

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

Sak 01-17, [Presentasjon Torfinn Opheim leiar i LVK](#)

Sak 03-17, [Årsmelding 2016, revidert 27.4.2018](#)

[Presentasjon til årsmelding](#)

[«Regional plan for ordinære idrettsanlegg med regional betydning»](#),

[presentasjon Mads Elbrønd, kulturkonsulent Gol kommune,](#)

Sak 04-17, [Livskvalitet, ved Knut Arne Gurigard](#)

Sak 05-18, [Presentasjon Viken fylkeskommune ved Anne Sandum og Kjersti Bærug  
Hulbakk, Buskerud fylkeskommune](#)